

Vanylven kommune  
6143 Fiskå

02.06.2022

[postmottak@vanylven.kommune.no](mailto:postmottak@vanylven.kommune.no)

## Innspel til offentlig høyring av 3 detaljreguleringsplanar på Åheim, Vanylven

Syner til at formannskapet i Vanylven kommune 5.april 2022 gjorde vedtak om å leggja 3 detaljreguleringsplanar ut på offentlig ettersyn:

- 1.Detaljregulering Turistknutepunkt Vanylven, 1.gangs høyring.
- 2.Detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg Åheim, 1.gangs ettersyn.
- 3.Reguleringsplan Åheim sentrum, 2.gangs høyring.

### Turistknutepunkt Vanylven

Kommunen ønsker å gjera Åheimsområdet til eit attraktivt turistknutepunkt og vurderer området ved Thue-krysset til å ha stort potensial i denne sammenhengen. Området skal bli den stoppestaden turistar vel på veg nord eller sør på fylkesveg 61 eller på veg til eller frå Stadlandet og Selje. Kommunen ønskjer å fråvike dei overordna føringane lagt i kommuneplanen der området er avsett til landbruksformål og i staden opne for næringsverksemd og turistrelatert næring. Planen medfører at ca 5 daa dyrka mark blir omdisponert til utbyggingsføremål.

Delar av planområdet utgjer fulldyrka jord, sett av til LNF i arealdelen i kommuneplanen, i tillegg til at det er omfatta av omsynssone landbruk. Området er ein del av eit større samanhengjande område (ca 31 daa) som er lett å dyrka og av høg kvalitet. Jorda er moldblanda sandjord som er sjølvdrenerande, med god bereevne. Området er gamal eng med god vekst av ulike grasartar, der det vert beita vår og haust og slått til fôr to gonger per år.

I føresegner og retningslinjer til arealdelen av kommuneplanen går det fram at det dyrka arealet som no blir foreslått omregulert frå LNF har status som Kjerneområde for landbruk og landskapsforvaltning og Retningslinjeområde for landbruk ut frå at dette er større samanhengjande dyrka areal, at produksjonsverdien er høg og at det representerer viktige kulturlandskapsverdiar. Det er såleis gitt klare føringar for å hindra utbygging og for å skapa større tryggleik for vern av dyrka mark. Det er også understreka at kommunen ser på grensene for Kjerneområde landbruk som absolutte og at dei skal praktiserast særleg strengt.

### Detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg Åheim

Området som er foreslått omregulert er i arealdelen av kommuneplanen avsett til landbruk, natur og friluftsområde med omsynssone for landbruk. Planområdet er relativt flatt med fulldyrka jord langs fylkesvegen og spreidd busetjing mot dalsida.

Området er i AR5 kartbasen registrert med store områder fulldyrka jord, overflatedyrka jord og beiteområde. I arealdelen av kommuneplanen er også dette området avsett som omsynssone landbruk. Det har difor høg verdi og skal skånast særleg mot anna utbygging.

I omtalen av planen kjem det fram at det her vil gå tapt ca 4 daa fulldyrka jorda til gang- og sykkelveg.

### Reguleringsplan Åheim sentrum

Reguleringsplanen skal sikra ein meir framtidretta infrastruktur for fylkesvegane på Åheim og særleg der tre fylkesvegar møtest i eit «skeivt» X-kryss som utgjer eit vesentleg faremoment ift trafikktryggleik og tryggleik for mjuke trafikantar. Sekundært skal planen leggja opp til ei meir langsiktig utvikling av Åheim både med sentrumsutbygging, næringsverksemd, fritid og turisme, samt fleire bustader.

Ved eventuell realisering av reguleringsplanen vil fleire område med dyrka mark gå tapt. I planomtalen er det ikkje gjort nærare greie for kor mykje areal dette handlar om, areala sin kvalitet, eller korleis areala blir brukt i dag. Ifølgje planomtalen er alle områda, med unntak av eitt, avsett til utbyggingsføremål i kommuneplanen sin arealdel.

### **Vi har følgjande merknader:**

1. Vi meiner at ivaretaking av dyrka areal ikkje er tilstrekkeleg vektlagt i nokon av dei tre planframlegga. Dette er ei bit for bit – utbygging. Vi saknar ei samla vurdering av verknadane for miljø og matproduksjon for planframlegga.
2. Vi kan ikkje sjå at det er vurdert å ta i bruk eksisterande bebygd/regulert areal som alternativ til å byggja ned meir dyrka areal til turistknutepunkt og i sentrum. Det skal gjerast greie for slike vurderingar.
3. Det ser ut til å mangla avtalar og planar for korleis jordmassar som må flyttast skal ivaretakast. Flytting og gjenbruk av jordmassar er ein krevjande prosess som krev god forankring og planlegging. Vi kan ikkje sjå at dette er tema som i vesentleg grad blir tatt opp i framlegga til reguleringsplanar. Sjå for øvrig heftet «Jordmassar – frå problem til ressurs.» Det er heller ikkje kommentert om kommunen har avsett areal til framtidig dyrking.
4. Når det gjeld reguleringsplanen for gang- og sykkelveg meiner vi at det må setjast opp gjerde/sperring mellom veg og gang- og sykkelveg i staden for å ha ope areal/grøft, som tek langt meir areal. Det ligg sannsynlegvis godt til rette for dette på Åheim. Dette kan gjennomførast etter søknad.
5. I saksutgreiingane blir det i liten grad gjort greie for at Jordlova klart seier at all dyrka og dyrkbar jord er verna. Vi er forundra over at ein her så lett ser vekk frå eksisterande arealdel av kommuneplanen, tilhøyrande retningslinjer og føringane som er lagt i Omsynssone landbruk.
6. I framlegg til reguleringsplanar blir det trekt fram argument knytt til personleg situasjon for jordeigar og at det er vilje til å avsjå areal. Her må det klart kommenterast at moment knytt til eigarforhold, innstilling, personleg situasjon, jordleige og korleis jorda er ivaretatt ikkje skal takast i betraktning ved arealdisponering.
7. Vi kan ikkje sjå at det her er gjort vurderingar knytt til arealdisponering som er i samsvar med brev til kommunane frå Landbruks- og matministeren og Kommunal- og moderniseringsministeren av 8.1.2021 om *Jordvern og FN's bærekraftsmål*. Det blir i nevnte brev vist til at kommunane skal leggja bærekraftsmåla til grunn for si planlegging og at jordvern er ein viktig del av arbeidet med å nå måla, m.a. av omsyn til lokal beredskap, matsikkerhet og for å sikra jordbrukets produksjonsressursar over heile landet. Det blir også vist til at der sentrumsutvikling er i konflikt med dyrka og dyrkbar jord skal det vera fokus på kompakt byutvikling og fortetting, samt at viktige jordbruksområder bør sikrast gjennom langsiktige utbyggingsgrenser.

8. I perioden år 2000 – 2010 vart antal daa jordbruksareal i drift i Vanylven kommune redusert med ca 1.574 daa. Vidare, i perioden 2010 – 2020 vart antal daa jordbruksareal i drift redusert ytterlegare med 2.354 daa. Jordbruksareal i drift pr innbyggjar i Norge er redusert frå ca 2,3 til 1,8 daa i løpet av dei siste 10 åra. Dette er forhold som må leggjast til grunn når det no blir lagt opp til ytterlegare nedbygging av dyrka areal på Åheim.

#### **Våre merknader er m.a. basert på følgjande:**

9. Stortinget vedtok i 2015 nasjonal jordvernstrategi, der målsetjinga er at det ikkje skal omdisponerast meir enn 4000 da pr år på landsplan. Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok i 2017 Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal 2017 – 2021, der det heiter at det i Møre og Romsdal ikkje skal nedbyggjast meir enn maksimalt 200 da pr år. Kvar kommune har ansvar for å sikra at fylket totalt sett kjem under dette. I 2021 vart det nasjonale jordvernmålet ytterlegare innskjerpa til mål om maksimal omdisponering på 3000 da pr år.
10. I brev frå landbruks- og matministeren til kommunane av 1.10.2018 blir det m.a. vist til revidert nasjonal jordvernstrategi, der målet er at omdisponeringa av dyrka jord må ytterlegare reduserast. Vidare heiter det m.a. at landbrukets arealressursar generelt må sikrast og at det må gjerast konkrete vurderingar i forhold til jordvern i kvar reguleringssak. Det må m.a. gjerast vurderingar i forhold til verdi, konsekvensar og overordna planar.
11. I kommunal- og distriktsministeren og landbruks- og matministeren sitt brev til kommunane 23.3. i år går det fram at kommunane må føra ein streng jordvernpolitikk, at omsynet til utbygging av industri, infrastruktur og bustader blir balansert godt mot det langsiktige omsynet til matproduksjon og at omfanget av dyrka areal må aukast. Kommunane må dessutan i sterkare grad vurdere fortetting og transformasjon i staden for nedbygging av meir dyrka jord.

#### **Overordna føringar:**

Ivaretaking av jordbruksareal er kritisk for klimatilpasning, klimaomstilling og ei berekraftig utvikling.

*Klimarapporten frå FN* som kom i august 2021 syner at det allereie er alvorlege klimaendringar på gang og at det er uomtvisteleg at menneskeleg påverknad er årsaka. Den neste rapporten, frå februar 2022, handlar om konsekvensane, tilpasning og sårbarheit. Den gir oss innsikt i kor langt vi har kome i klimakrisa, kor mykje verre det kan bli og korleis vi kan handtere den. Den siste rapporten som no har kome teiknar eit bilete av kva som skal til for å redde oss. «Naturen kan redde oss, berre vi redder den først».

Og her er kommunane si rolle som arealforvaltarar grunnleggjande og kritisk. Vi vil dirfor særskilt oppmode kommunen til å bruke den auka kunnskapen om konsekvensane av klimaendringane til å gjere smarte og framtidsretta val i saker knytt til omdisponering av natur og etablerte kulturlandskap.

Prognosane syner at vi får 15 % auka nedbør, og då størst i områda ved kysten. Meir kraftige og intense regnskyll vil gje utfordringar for overvatn og flaum. I denne samanheng er særleg jord ein neglisert ressurs, der kvalitet og økologisk funksjon dannar grunnlag for jordbruket sitt samfunnsoppdrag for lønsam og trygg matproduksjon.

I landbruksdirektoratet sitt styringsdokument «Nasjonale miljømål og virkemidler for miljø- og klimaarbeidet i jordbruket, 2019–2022» vert jordbruket sitt samfunnsoppdrag understreka.

I så måte er det viktig at kommunen no følgjer opp dette gjennom å sikra framtidig jordbruksareal.

Framlegga til eguleringsplanar på Åheim er difor tre steg i feil retning gjennom at det her i stor grad blir lagt opp til omdisponering av areal som frå før er sikra mot nedbygging.

### **Konklusjon**

*Vår konklusjon er at omsynet til jordvern samla sett ikkje er tilstrekkeleg ivaretatt og at det ikkje må byggjast ned areal slik det her blir lagt opp til. Det må finnast løysingar som på ein langt betre måte sikrar bruk og framtidig matproduksjon på desse areala.*

Vi håpar at våre innspel og kommentarar kan bidra til ein god prosess og gode vedtak i saka.

Med helsing

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Øystein Solli

Atle Frantzen